



NVE

Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo  
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

## Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: <a href="#">NVEs hjemmeside</a>
Fortsett med høringsuttalelsen <input checked="" type="checkbox"/> Ja

Personopplysninger
Navn ROBIN ALAJBEGOVIC TVEIT
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? <input type="checkbox"/> Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202320330	Sakstittel Røldal-Suldal - Opprustning og Utvidelse av kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Innspel av Robin Tveit
<p>Eg er 23 år og ser på Røldal som min heim plass, sjølv om eg for tida studerer ein anna stad. Eg er vidare folkevalt i Ullensvang kommune. Garden eg kjem ifrå i Røldal har djupe røter i Røldal og i Valldalen. Eg er stolt over historia mi, familien min og det som familien min igjennom mange generasjonar har bygd opp i Røldal.</p> <p>Eg er ikkje like stolt over at staten min har latt private Hydro ta seg til rette ovanfor lokalbefolkninga og landets innbyggjarar, gang etter gang, på ein måte som skadar lokalbefolkninga og folket for øvrig. Eg forventar derfor at NVE set tydelege grenser og krav til Hydro og Lyse etter kvart som prosessen framover tek nye steg. Nokre av desse krava listar eg opp nedst i uttalen min.</p> <p>Gjensidige avtalar mellom partane er eksemplar på korleis Hydro har fått «herje fritt». Dei er i fleire tilfelle omgjort til einsidige fordeler for Hydro.</p> <p>Slik har det vore heile tida etter at dei etablerte seg i Røldal. Gradvis har det blitt verre. Dei som vel å bli buande i bygda sit att med stadig færre ressursar og mogelegheiter lokalt. Det er trist å sjå, men så lenge ingen set krav til dei private og statlege kapitalkreftene, kjem alle stadar som Røldal til å bli vaska ut (bokstavleg talt) dei neste tiåra. NVE er blant dei einaste som sit med midlar til å sørge for ein rettferdig prosess.</p>

#### Framkomst og sikkerheit i Valldalen:

Grunneigarar sine eigendomar i Valldalen er direkte råka av konsekvensane av kraftutbygginga. Fleire kan ikkje, eller tør ikkje, å nytte seg av eigendommene sine, sjølv om ein del av avtalen med Hydro var at eigendommene skulle kunne nyttast likt som før utbygginga. Ikkje fordi at eigendommene i seg sjølv er farlege, men fordi at det er farleg å ferdast inn til dei. Vegen er farleg heile året. Isen er uttrygg om vinteren. Og vatnet blir regulert, så bruk av båt kan også vera svært krevjande om sumartid.

Dette er uakseptabelt, og Hydro/Lyse er dei to som bør bli pålagt å gjere noko med desse forholda. Til no opplever eg at både Hydro og Lyse har vore svært lite imøtekomande når det kjem til bekymringane folk har med tanke på tilkomst. Det vert no bekrefta ved at dei søker om å bygge pumpekraftverk, som gjer dette endå meir krevjande for vanlege folk, utan å vise vilje til å gjere noko med dei allereie eksisterande utfordringane til grunneigarar o folk flest i området.

Eit anna stort problem, som eg meier at Hydro, og no Lyse, burde ta tak i er mobildekninga i dalen. Med utrygge vegar og trasear innover i dalen, er det viktig at ein har mogelegheit til å kontakte nokon om det skulle skje noko. Og det er vidare viktig at andre i dalen har mogelegheit til å mota meldingar og signal frå andre som er i fare.

#### Økonomiske konsekvensar for bygda og grunneigarar:

Elles er det mi oppfatning at grunneigarar, generelt sett, har opplevd økonomiske ulemper og tap som eit resultat av reguleringane. Til dømes har fleire mista mogelegheita til å drive med fiske på ein føreseieleg måte, fordi at vassnivået er så ustabil. Dette har øydelagt fleire båtar, og i dag må enkelte klare seg med ustabile aluminiumsbåtar som ein ikkje kan bruke heile tida. Henting av ved er også vanskelegare for mange av dei som har eigendomar på «feil side av vatnet», men også dei som har hytte på same side som vegen går. Elles er det naturlegvis, og bort imot, umogleg å drive med noko form for næring i dei største delane av dalen.

I tillegg er det slik at kommunen har gått glipp av store inntekter, på grunn av at Lyse og Hydro slo seg saman for å unngå heimfall til staten. Noko som fører til enorme innteksttap for kommunen Røldal er ein del av. Me er altså i ein situasjon kor grunneigarar, lokalbefolkning og kommune lid, utan at nokon ser ut til å vere villige til å stille krav til Hydro og Lyse, som gjer situasjonen vår enklare. Eg håpar no at NVE kan ta den rolla.

#### Prosessten vidare:

Gjennomgang av heile RSK-anlegget og oppgradering av villkår til dagens standard er heilt nødvendig. Røldal vart lova mange arbeidsplassar som Røldal har mista ut av fylke og kommune. Det var og eit premiss for konsesjonen at staten skulle overta etter 60 år. At private no skal få lov til å fortsetje å hente ut enorme verdiar, i og rundt bygda, ved å rasere naturen endå meir, er ufint. Spesielt om det ikkje vert ytterlegare kompensert på ein eller anna måte. Me grunneigarar og lokalt busette forventar derfor at NVE set skapet på plass og kjem med tydelege krav til Hydro og Lyse når ein tek nye steg i prosessen. Aller helst med utgangspunkt i dei lokale høyringsinnspela som kjem inn. Alt anna vil frå vår ståstad vere uaktuelt og skuffande.

Det er, som eg allereie har vore innpå, heller ikkje ubetydeleg at heimfallsretten er unngått, og at fellesskapet får mindre glede av verdiane som blir skapt. Det bør også kompensrast på eit fornuftig vis.

#### Konklusjon:

Eg meier at konsesjonsvilkåra bør løftast opp til ny behandling. Eller at Hydro og Lyse blir pålagte tydelege krav. Det er kanskje ikkje vanleg at utbyggjar får store krav inkludert i konsesjonen, men dette er ingen vanleg sak. Det er ein svært sår historikk og det er på alle moglege måtar ein unik sak med ein unik historie. Vi kan ikkje akseptere ein situasjon kor ein ikkje kan bruke eigne eigendomar, slik ein kunne før neddemminga. Dei nye utfordringane vi

no står ovanfor, spesielt med tanke på pumpekraftverk, vil gjere det endå verre.

Her er noko eg meiar må på plass, og som skulle vore på plass allereie:

- Det må på plass sikker tilkomst vinterstid og sumartid.
- Oppseiing av alle inngåtte avtalar med grunneigarar; nye avtalar må forhandlast fram
- og vere balanserte.
- Kompensasjon som reflekterer dei tapa vi har lidd som grunneigarar og lokalsamfunn
- Moglegheit til å drive eigedomane året rundt, med hjelp av trygg tilkomst.
- Moglegheit til å fiske om sommaren utan å måtte dra båtane opp og ned dagleg.
- Regulering av HRV og LRV i ulike sesongar for trygg bruk av vatnet, spesielt med
- relativt fullt reguleringsmagasin om sommaren.
- Ein trygg veg inn om sommaren.
- Driftsansvar for vegen må overførast tilbake til Hydro/Lyse.
- Parkeringsplassar ved Bråstøl/dammen vinterstid.
- Vegen må vere opna seinast til pinse kvart år.
- Ved revisjonar må det vere tilgang til Valldalen.
- Mobildekning i heile dalen.
- Kommunen må kompensere for tapte inntekter, som følger av at Hydro og Lyse
- Deponi i Røldalsvatnet vert skrinlagt
- Forholda for fisk og reinsdyr vert forbetra i heile området.
- Det er uakseptabelt at Hydro og Lyse, i staden for å løyse problemet med frostrøyk, ynskjer å gjere det verre for vanlege folk i bygda.

Høringsuttalelse som vedlegg

Innspel av Robin Tveit.docx

Last eventuelt opp fil med annan relevant informasjon

Vedlegg bilder